Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk Fjellsenter,
Brubakken 2, 2686 Lom
Norsk Tindesenter
Havnegata 2, 6300 Åndalsnes

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 05
sfinpost@statsforvalteren.no
http://www.nasjonalparkstyre.no/reinheimen

Sissel Rogne

Saksbehandlar Mari Melbø Rødstøl **Vår ref.** 2021/8868-2 432.4 **Dykkar ref.** **Dato** 30.08.2021

Delegert sak - dispensasjon - Muldalslia NR - motorferdsel - 2021 -2025 - barmark - Muldal gnr 36 bnr 1 - Sissel Rogne og Ola Myklebust

Delegert vedtak

Nødvendeg barmarktransport av ved, materialar eller varer til hus/gard.
Med heimel i naturmangfoldloven § 48 og verneforskrift for Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3 bokstav d) får Sissel Rogne og Ola Myklebust løyve til motorferdsel med ATV opp Muldalslia.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:
- Løyvet gjeld for 35 turar per år i 2021 og 2022, og 25 turar pr år frå 2023 tom 2025.
- Køyringa skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv.
- Utfylt køyrebok og dispensasjon skal vera med på turen.
- Køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 01.12 kvart år, på følgjande elektroniske skjema: http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/Rapportskjema_motorferdsel_Reinheimen.pdf

Vi gjer merksam på at det må innhentast eventuelle nødvendige løyve til motorferdsel frå kommunen og grunneigar, jf. «Lov om motorferdsel i utmark» og lokal forskrift.

Motorferdsel i samband med vegvedlikehald
Med heimel i verneforskrift for Muldalslia naturreservat § 5 punkt 1, får Sissel Rogne og Ola Myklebust løyve til fem dagar pr år med motorferdsel opp Muldalslia, i samband med dugnadsdagar for å halde vedlike vegen opp Muldalslia.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:
- Løyvet gjeld for 5 dagar med motorferdsel i perioden 2021 - 2025.
- Vedlikehaldet skal skje i samband med organisert vedlikehald i regi av veglaget.
- Dagane det skal nyttast motorferdsel i samband med vedlikehald skal avklarast med leiar av veglaget. Leiar av veglaget skal kunne dokumentere at det er planlagt arbeid på vegen i forkant av dagen det blir køyrt.
- Det kan køyrest med ATV eller annet egna, lite køyretøy som ikkje vil skade vegen.


Klage
Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

Saksopplysningar
Dokument i saka
Søknad frå Sissel Rogne og Ola Myklebust sendt på e:post 25.08. 2021.

Søknaden

Sissel Rogne og Ola Myklebust søkjer om fornya dispensasjon for minimum 10 år for motorisert (ATV) transport på den gamle vegen frå nausta i Muldalsvika til gardene på Muldal.
Dei utfører mykje restaureringsarbeid av hus og kulturlandskap som krev transport, og ATV med hengar blir brukt for nødvendig transport. Dei vil bli boande på Muldalsgarden i større delar av året no når dei utføre omfattande restaureringsprosjekt. Dei skriv at for store restriksjonar på køyring ikkje kan sameinast med bevaringsmål og ønske om restaurering av kulturlandskapet.

No er dei i gang med eit stort restaureringsprosjekt på grindløa med støtte frå Storfjordens venner og Kulturminnefondet. Dette arbeidet krevje bruk av ATV då handverkarane ikkje vil utføre slike oppdrag om dei må bære opp verktøy og materiell. Også neste år blir det mykje transport for å fullføre kulturminneprosjektet og rydde opp, med reparasjon av steinmur og vegger.



Kart som syner køyretraseen som går gjennom reservatet og til landskapsvernområdet. Muldalslia naturreservat er faga brunt og Tafjorden -Reindalen lvo er farga grønt.

Heimelsgrunnlag
Delegering
I medhald av vedtekter for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 6.2, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, har nasjonalparkstyret for Reinheimen i styremøte 14.03.2016, sak 5/16, gjort vedtak om å delegere handsaming av einskilde saker til nasjonalparkforvaltaren, slik som i denne saka. Vedtaket gjev nasjonalparkforvaltarane i Reinheimen myndigheit til å treffe vedtak i saker av kurant karakter.
Med saker av kurant karakter meiner ein følgjande:
• Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdsel og motorferdsel.
• Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der:
a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.
c) Forvaltingsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

Søknaden er vurdert i samsvar med:
- Verneforskrift for Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde, 2006
- Naturmangfaldlova, 19. juni 2009 nr. 100.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.

Verneforskrift og verneformål:

Muldalslia naturreservat:

Formålet med fredinga er å ta vare på ei svært artsrik varmekjær lauvskogsli med det naturlege plante- og dyrelivet.
§ 3 punkt 4.
Motorisert ferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
§ 4
Reglane i § 3 unntatt nr. 4 er ikkje til hinder for:
2. Vedlikehald av faste innretningar, traktorveg og stigar som er i bruk på fredingstidspunktet.
3. Sanking av hasselnøtter, bær og matsopp.
4. Jakt.

§ 5.*Eventuelle unntak etter søknad*

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:
1. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 nr. 2, nr. 4 og nr. 7 bokstavene a og c og § 5 nr. 2.

Tafjorden – Reindalen lvo:

Formålet med opprettinga av Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på eit samanhengande område varierande frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til rike lauvskoglier langs Tafjorden.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 Vernereglar:
Punkt 5.1
Motorferdsel på land og på vatn og landing med luftfartøy er forbode.
Punkt 5.2 Reglane i punkt 5.1 er ikkje til hinder for:

d) Motorferdsel i samband med vedlikehald og drift av vegar og kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker og dammar.

f) Bruk av lette beltegåande køyretøy i samband med felt elg og hjort under skoggrensa, når det ikkje er fare for terrengskade.

Forvaltningsplan.

Forvaltningsplanen for Reinheimen NP utdjupar vernereglane.;
Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde
Motorferdsel langs køyrespor §3 pkt. 5.3, d
Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til nødvendig køyring langs køyrespor for traktor frå Muldalen til Muldalsetra og Skjegghammaraen, jf temakart nr 2, i samband med frakt av materialar, brensel og utstyr til hytter eller buer, samt i samband med lovleg hogst i området. Forvaltningsstyresmakta skal ikkje gje slikt løyve viss det er til varig skade på terrenget eller på annan måte er til skade for verneverdiane i området.

Muldalslia naturreservat
4. Nødvendig vedlikehold av vegen opp til Muldal er tillatt og ønskelig. Dette inkluderer bl.a. påfylling av grus, rensking av stikkrenner, overvåking og reparering av stikkrenner og steinmurer, rydding av kvist og stammer som faller over stien. Hogst av trær utenfor vegen er likevel ikke tillatt, annet enn trær det er grunn til å anta kan gjøre omfattende skader på vegen når de faller over ende. Vedlikeholdet skal gjennomføres slik at det ikke fører til unødvendig skade av utlagte prøveflater, jfr. også punkt 7.
5. Motorisert ferdsel er forbudt, med unntak jfr. § 5 punkt 1 i forskrifta. Hvis det skulle oppstå tilfeller av ulovlig ferdsel på vegen opp til Muldalslia, skal det plasseres en bom nederst på vegen, slik at bare lovlig ferdsel kan gjennomføres.
6. Ingen døde trær kan ryddes vekk, men skal ligge i ro på stedet (med unntak jfr. punkt 4).

Vurdering
Vegen opp Muldalslia er ein restaurert kjerreveg som vart opparbeidd på slutten av 1800-

talet. Vegen slyngjer seg i 13 svingar vel 2 km oppetter den bratte lia frå fjorden. Første del av vegen ligg i Muldalslia naturreservat og den siste biten ligg i Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde.

Det er ulike reglar som gjeld motorferdsel i dei ulike verneområda på vegen. Når det gjeld transport av varer og material til hus og setrene, finns det ikkje heimel i forskrifta for naturreservatet til dette. I forskrift for landskapsvernområde, har vi heimel for å gje løyve til dette.
For bruk av motorferdsel i samband med vedlikehald av veg og utfrakting av hjortevilt i jakta, treng vi ikkje heimel for dette i landskapsvernområdet, medan ein må søkje om løyve til dette i reservatet.

Muldalsbakkane veglag består av 10 grunneigarar som nyttar vegen opp Muldalslia. Nokon av grunneigarane har ATV/minitraktor og ynskjer å nytte denne til transport av tunge varer og materiell opp lia. Det er to grunneigarar som har hus ved Muldalsgardane ved enden av vegen, medan resten har seter/hytte/bu lenger inne i Muldalen. Sissel Rogne og Ola Myklebust eig den eine av Muldalsgardane og har eit stort hus og låve. Det er til stor hjelp å få transportert tyngre bører opp den bratte Muldalsbakken.

Vegen er i seg sjølv eit viktig kulturminne og i forvaltningsplan for Muldalslia naturreservat står det at: «*Nødvendig vedlikehold av vegen opp til Muldal er tillatt og ønskelig».* Vegen er i dag i fin stand, då veglaget organiserer dugnad kvart år for å reparere vegen. I samband med desse dugnadane brukar dei lette køyretøy/ATV for å transportere utstyr og masse.
Muldalslia er verna for å ta vare på den artsrike lauvskogen med tilhøyrande mangfold av artar. I forvaltningsplana for Muldalslia naturreservat står det at: *det ble påvist en del gnagskader på alm i reservatet. Få levende unge trær ble funnet, mens mange hadde blitt drept av hjortegnag. Også på røttene av enkelte av de grove og gamle trærne hadde hjort gnaget vekk barken. Hjortestammen virker ut fra dette å være i største laget og kan med fordel reduseres noe.* Det er ein fordel om hjortestammen blir redusert slik at det ikkje blir meir skade på edellauvskogen. Motorferdsel i samband med uttak av hjortevilt kan vere eit godt hjelpemiddel.

I § 3 i forskrift for Muldalslia naturreservat er det fastsatt bl.a. at: *«4. Motorisert ferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.»* Det er ingen spesiell hjemmel i verneforskrifta for å kunne gi løyve til motorferdsel for å frakte varer og materiale opp Muldalslia, og saka må vurderes etter den generelle dispensasjonshjemmelen i naturmangfoldlova § 48. Denne lyder slik i første ledd:
«*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

I forvaltningsplanen for Tafjorden – Reindalen lvo står det at motorisert ferdsel i utgangspunktet er forbode og særleg konfliktfylt fordi landskapsvernområdet skal vere skjerma for unødvendig støy og uro. Transportar skal ha eit klårt nytteformål.
Ein dispensasjon frå forbodet bør være avgrensa med tal turar for å redusere køyringa.
Vi har ut frå dette vurdert søknaden etter naturmangfoldlova § 48, jf. prinsippene i §§ 8-12.

§ 8 – kunnskapsgrunnlaget, er godt dokumentert i arbeidet med både verneplan og forvaltningsplan. Naturverdiane i Muldalslia er særleg knytt til edellauvskogen med

planteartar og tilhøyrande fauna. Dei botaniske verdiane er særleg knytta til eit stort utval av plantar, med heile 106 registrerte artar. Traktorvegen til Muldal var der lenge før området vart verna, og det er ikkje knytt spesielle naturfaglege kvalitetar til vegtraséen utover landskapselementet. Derimot har vegen stor kulturhistorisk verdi. Traktorvegen er ein viktig og nødvendeg tilkomst til fjellgardane i Muldal.

Køyring på vegen gir ein kortvarig forstyrring av fugle- og dyrelivet. Vi ser det slik at fortsett avgrensa bruk av vegen ikkje gir spesielle skadar på naturmangfaldet eller vernekvalitetane. Tvert imot vil eit løyve til å nytte motorferdsel vere til hjelp i restaurering av vegen, til arbeid med skjøtsel av setervollane og til uttak av hjortevilt som er viktig for verneverdien i området. Ut frå kunnskapsgrunnlaget er det forsvarleg å gje dispensasjon til bruk av vegen for grunneigarane i Muldalen. § 9 – føre-var prinsippet, vil bli ivaretatt med dei vilkår som er satt.

Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil gje nokon uakseptabel totalbelastning verken på Muldalslia naturreservat eller for edellauvskogsområdane samla i fylket jmf § 10 – samlet belastning. Om det skulle oppstå skadar på naturmangfaldet eller fare for dette, kan forvaltningsmyndigheta pålegge søkjer om å gjennomføre avbøtande tiltak jmf. § 11 – kostnadene ved miljøskade.

Jmf § 12 – miljøforsvarlege driftsmåter vil bruk av liten traktor eller lett køyretøy som ATV være formålstenleg måte å transportere varer opp vegen.

Sissel Rogne og Ola Myklebust er no i gang med restaureringsprosjekt på garden. Dei har store hus å vedlikehalde og treng difor ein god del turar opp og ned Muldalslia for å transportere verktøy, varer og materialar. Vi gir difor 35 turar pr år i to år mens dei restaurerer låven og 25 turar pr år dei påfølgjande åra.

Med dei vilkår som er satt sett meiner vi at køyringa ikkje strir mot verneformålet eller påverkar verneverdiane nemneverdig. Nødvendig bruk av ATV opp lia vil forenkle arbeidet med å ta vare på kulturminne, vegen og skjøtsel av kulturlandskapet på Muldalsgarden.

Med helsing

Mari Melbø Rødstøl
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:

Statsforvalteren i Innlandet	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Statens naturoppsyn v/Thomas Rødstøl			
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Statens Naturoppsyn v/Per Olav Haugen			
Fjord kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Kristine Sørlie			